

# MÅNADSREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 6, desember 2023. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen, boksmia@online.no.

I denne breva finn leseren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Breva kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Temaa for dette nummeret er fem, det globale klimatoppmøtet, verdskonferansen til den internasjonale fagorganisasjonen for småbønder og folk i tilknytte verksmeder La Via Campesina, FAO-planen for å utrydde svolt innanfor naturens tåleevne innan 2050, palestinsk landbruk i krigstid og ei forteljing om solidaritet over landegrenser nord i vårt eige land.

Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

## Klimatoppmøtet i Dubai, COP23

# Gjennombrudd eller bare prat?

Klimatoppmøtet ble avslutta 13. desember med ei erklæring der alle land er enige om å omstille energisystemene i verden fra fossil til fornybar energi. Dette er første gang alle verdens land er enige om at energisystemene skal bort fra fossile brensler, inkludert olje og gass. Det er et gjennombrudd, sier både klima- og miljøminister Andreas Bjelland Eriksen og utenriksminister Espen Barth Eide. Slutterklæringen sier at det innen 2050 skal skje en overgang fra fossile brensler i energisystemer og til nullutslipp på en regulert og rettferdig måte. Norge gikk inn for en sterkere formulering – om å «fase ut» urensset fossil energi.

Klimatoppmøtet er også enig om at verden må tredoble fornybar energi og doble energieffektiviseringen innen 2030, gjennomføre en raskere reduksjon av metanutslipp og få større fart i innføring av teknologier som karbonfangst og lagring.

Landene framhevet viktigheten av å bevare og beskytte naturen og stoppe avskoging innen 2030. I tillegg understrekkes viktige milepåler som må nås for å holde 1,5-gradersmålet i live. Nedgangen i utslipp må begynne i 2025, det må reduseres med 43 prosent innen 2030 og med 60 prosent innen 2035. I 2050 må verden være klimanoytral. Det er også enighet om styrket innsats på klimatilpasning, klimafinansiering og støtte ved tap og skade.

### Utfasing ble for sterkt

Hvilke konsekvenser forhandlingene i Dubai får for verdens klimagassutslipp, er likevel usikkert. Tiltakene er ikke nok til å nå målene i Paris-avtalen. Der ble de enige om 1,5 gradersmålet. Men de ble ikke enige om veien dit. Det er det forhandlingene er til nå. Hvert land skal konkretisere hva de selv skal gjøre, sier Solveig Aamodt, forsker ved Cicero, til forskning.no. Erklæringen er ikke bindende, og land som ikke følger opp, kan ikke straffes. Men den gir et tydelig signal til landene om hva de bør gjøre, og dem gir et signal om hva man kan bli kritisert for i ettertid, sier Aamodt. Den gir også et signal til bedrifter om hva man bør investere i fremover. Det er nok derfor «fase ut»-begrepet ble for sterkt for dem som ønsker fortsatt fossil utvinning. Slutterklæringen tar oss ikke veldig mye lenger enn der vi var før. Og den er uansett ikke nok til å nå målene i Paris-avtalen, sier Aamodt.

Aamodt, som var til stede under toppmøtet, forteller om en sesjon under forhandlingene der det ble nevnt at Norge, sammen med Canada og Australia, er hyklerske fordi vi sier at vi ønsker begrepene «fase ned» eller «fase ut», mens vi likevel har nasjonal politikk for å øke investeringer i olje og gass.

### Klimafond

Allerede første dag under klimatoppmøtet ble det opprettet et fond for tap og skade. Målet med fondet er å hjelpe de landene som blir rammet mest av klimaendringene.

Problemet er bare at det ikke er nok penger til å dekke all ødeleggelsen som kommer av klimaendringene.

– Det er positivt med et fond for å erstatte tap og skade. Problemet er jo fortsatt penger. Det ble besluttet å lage en sparebøsse, men det er ikke så mye penger på den ennå, bare rundt to prosent av det årlige anslatte beløpet. Det er først og fremst penger som vil avgjøre hvor virkningsfullt dette fondet blir, sier en annen Cicero-forsker, Erlend Hermansen, til forskning.no. FN har anslått at innen 2030 vil behovet for penger til tap og skade være 300 milliarder dollar årlig.

### Referanser:

<https://www.forskning.no/klima-olje-og-gass/verden-skal-omstille-seg-fra-kull-olje-og-gass-hva-betyr-det-for-norge/2296228>  
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/klimatoppmotet-i-dubai-et-gjennombrudd/id3018393/>

Audun Emil Tvedten

**For matsuverenitet og agroøkologi**

# Internasjonalt småbrukarmøte i Colombia



## «I møte med globale kriser byggjer me matsuverenitet for å sikre ei framtid for menneskeheita!»

Dette var hovudparolen då La Via Campesina (LVC) samla 400 delegatar til sin åttande internasjonale konferanse, som gjekk føre seg i Colombias hovudstad, Bogotá, 1. til 8. desember. Organisasjonen feira 30 år i 2023 og er paraply for 185 bonde- og småbrukarorganisasjonar frå 83 land over heile verda. Norsk Bonde- og Småbrukarlag er med i LVC.

LVC ser det slik at verda står i ein naudsituasjon når det gjeld klima, miljø, helse og svolt, aukande ulikskap, vald, etnisk reising og fordriving. Talarar frå alle regionar kom med sterke vitnemål om krisene og behovet for endringar. Organisasjonen ser krisene i samanheng med at frihandel og kapitalmakt vinn stadig nytt terren, og er samstundes uroa for aukande undertrykking utført av myndigheter, manipulert informasjon som avlar splitting og fascism. LVC tek avstand frå fascistiske rørsler, trass i at desse rørslene ofte omfamnar tradisjonelt og småskala landbruk.

Svaret frå LVC er matsuverenitet og agroøkologi. Dette gjekk att som mantra under konferansen, med solidaritet, mangfald og likestilling i som verdimessige rammer for alle naudsynne endringsprosessar.

**Matsuverenitet handlar** om å ta til-

bake råderetten over produksjon, sal og fordeling av mat - ein råderett som den frie og ofte ufrivillige vareflyten har vore til hinder for gjennom å fortrenge lokale, omsynsfulle matsystem til fordel for konkurransen med multinasjonale selskap som utnyttar både folk og natur. Arbeid for å erstatte WTO sine føringer for frihandel med mat med eit nyt og solidarisk rammeverk er ein viktig del av arbeidsplanen LVC vedtok for komande fireårsperiode.

**Agroøkologi handlar** om å jobbe med heilskaplege, naturbaserte løysingar for å få sunn og berekraftig mat, utan at sosiale omsyn blir tilsidesett og utan at makta over maten blir konsentrert. Mang ein småbrukar tok til orde under konferansen mot «klimasmart jordbruk», som dei meiner agroindustrien sel inn for å tene pengar og kunne innføre falske løysingar. Samstundes understreka dei kor hardt dei sjølv og deira kollegaer blir råka av menneskeskapte klimaendringar, og dei la vekt på behovet for å kjøle ned planeten og bygge opp att fungerande økosystem.

Sidan førre konferanse hadde LVC nådd ein stor milepåle i 2019, då FN vedtok erklæringa om småbønder og andre bygdefolk sine rettar. Denne erklæringa konkretiserer menneskerettserklæringa til å gjelde meir enn før for bygdefolk og småbønder. Bakom låg 17 års arbeid frå LVC med mobilisering nedanfrå og med påverknad på politi-

karar. Dette vart feira.

**Framstega** i jordbruket i vertnasjonen denne gongen, Colombia, vart dregne fram. Colombia har ei brutal historie med vald, massakrar og oppsamling av nesten all jord på eit fatal eigarar. I 2017 starta ein etterlengta fredsprøsess, som LVC har vore involvert i. Den relativt nyvalde regjeringa som styrer no, anerkjenner småbønder som politiske subjekt med rettar, og har starta ei jordreform for å omfordele jord frå dei store til dei små.

Møtet vart også brukt for å minnast forkjemparar i rørsla som hadde mista eller blitt fråteke livet sitt eller fridommen sin.


Lite knyter så sterke band mellom yrkessøsken som å møtast fysisk og dele historier, måltid, songar og andre kulturuttrykk. Tiltaka for å involvere alle deltagarar var mange, trivselsgrupper, barnevaktordning og direkte omsetjing via personlege radiosendarar til 17 ulike språk.

Som delegat syntest eg rett nok me sat vel mykje stille og hadde litt for få høve til å diskutere med kvarandre. Sluttprosessane kunne vore meir demokratiske med konkrete endringsforslag, i staden for å berre kome med innspel via regionane våre og i gruppeditiskusjonar, og at desse vart stemt over. Det hadde, trur eg, styrka forankringa til vedtaka. Men koordinasjonskomitéen greidde å fange hovudtrekka i kva medlemene brann for og formalisere dette inn i handlingsplanen for 2024-2028, i solidaritetserklæringer og i slutterklæringer.

Med alt av engasjement og energi som vart delt desse dagane, er det ei styrka småbrukarrørsle, med nye band og fornya giv, som går inn i 2024 og årar som følgjer. Og sjeldan, om nokon gong, har det vore viktigare med eit sterkt La Via Campesina.

Margit Fausko, leiar i NBS sitt internasjonale utval og delegat på LVC-konferansen.

# FAOs vegkart fram til 2050



Korleis utrydde svolten med berekraftig produksjon og moderat global oppvarming (FNs berekraftmål 2)? På klimamøtet i Dubai la FAO fram eit vegkart til 2050 i form av ein omfattande rapport og ei videoframsyning for å realisere desse måla. Det følgjande er ein presentasjon av nokre hovudtrekk. Materialen kan lastast ned fra FAOs heimesider.

## Status

Tala frå 2022 viser at 739 millionar menneske, nesten kvar tiande av oss, lever under sveltegrensa. 2,4 milliardar lever under usikker eller alvorleg matmangel, og meir enn 3,1 milliardar av våre medmenneske manglar tilgang til helsesamt kosthald.

Tala viser også at problema veks. Både talet på underernærte og prosenten underernærte gjekk ned i perioden 2005 til 2017, men så steig tala att, frå under 600 millionar og til talet no, og frå 7,6 % av verdas innbyggjarar til over 9. Ei av årsakene er korona-utbrotet, ei anna Ukraina-krigen, ei tredje det som skjer i Gaza, ei fjerde meir ekstremvær. Ingen ting tyder på at korona-åtaket er den siste pandemien og heller ikkje på at Gaza- og Ukraina-krigane er dei siste krigane. Og lite tyder på at oppvarminga flatar ut eller tek til å gå attende.

For å nå måla må verda tenkje heilskapsløysingar. Det trengst altså ein global plan for omlegging av produksjonen, effektivisering, endra kosthald og redusert sløsing. Og det trengst tilpassing og lindring av problema med oppvarming.

## Måsetjingar fram til 2050

Måla FAO skisserer, går fram av figuren til høgre. Den rauda streken er millionar

underernærte menneske, den gule menneske utan tilgang til helsesamt kosthald, den brune menneske som ikkje har eit helsesamt kosthald, den mørk grøne med tal til høgre utslepp og den lysare grøne utslepp minus binding av CO<sub>2</sub>. Dei diskuterer ti arbeidsfelt meir i detalj. For kvart arbeidsfelt har dei 10-15 tiltak, 120 tiltak i alt, og dei har delmål for kvar femårsperiode fram til 2050, sjå oversynet på neste side. Me kan kommentere eit par av arbeidsfelta, husdyr og vekstjord/vatn:

Husdyr utgjer basismaten for 1,7 milliardar fattige menneske, og 70 % av arbeidsstyrken med husdyr er kvinner. Husdyra gir høgkvalitets protein og viktige mikronæringsstoff og er vitale for helsa. Men husdyra, særleg storfe, står også for store klimautslepp. Tala viser at i eit område kan klimautsleppa frå husdyr vere ti gonger så høge som i eit anna. Med systematisk avlsarbeid, betre dyrehelse og før kan utslepp reduserast og produktiviteten aukast vesentleg. Analysane til FAO tyder på at innan 2030 kan metanutsleppa frå husdyr reduserast til 25 % av 2020-nivået. Samtidig kan produktiviteten i husdyrhald aukast med 1,7 % årleg fram til 2050.

Vekstjord og vassfløg krev styring av vatnet og jordbruk som tek vare på jorda. Det er om å gjøre å styrke kunnskapen om vekstjord, å redusere bruken av kjemikal, å fremje naturbaserte løysingar og presis bruk av vatnet der vatning må til. Verda treng teknologi som gjør det råd å fordele og spreie ferskvatn, formidling av kunnskapar om korleis det best kan gjerast, redusert sløsing og jordbruksbasert på sirkulærøkonomi, der stoff som blir tekne ut av jorda, så langt råd er blir ført attende. Eit mål er at alle må få lett tilgang til trygt og billig drikkevatn innan 2030, eit anna at 10 nye gigatonn (milliardar tonn) CO<sub>2</sub> blir lagra i vekstjord innan 2050.

og fiskeoppdrett, skogar, jordsmønn og vatn, sløsing, kosthald og helse, politikk, kunnskapsbehov og meir til. Dersom alle skal få nok mat og maten bli produsert på berekraftig måte, må me ta omsyn til alle desse spørsmåla og ikkje berre nokre av dei.


Eit døme er husdyrhald med drøvtyggjarar. I delar av norsk miljødebatt blir drøvtyggjarar som husdyr sett på som eit av dei store problema. FAO-forskane med globalt perspektiv legg vekt på at dyra som gir kjøt og mjølk, speler ei sentral rolle i mattilgang, gir verdifulle proteintilskot og mange stoff som elles er nødvendige i kosthaldet, gir arbeid til mange og alt i alt er ein nødvendig del av verdas matforsyning. Med dette perspektivet blir ikkje spørsmålet å kutte ut husdyrhald, men å gjøre det meir tilpassa og miljøvennleg.

Eit anna spørsmål er samansetjinga av kosthaldet. I vestleg tenking dei siste tiåra har dette i hovudsak vorte overlate til marknad og forbrukarar. FAO legg til grunn at styresmakter må sjå det som si oppgåve å påverke folks kosthald slik at det blir dominert av sunn og lite prosessert mat, og at særleg barns kosthald bør styrast meir.

## Globalt verktøy

Det er veikskapar ved vegkartet. Det går lite inn på global fordeling av maten og på tiltak for å sikre at alle matressursar blir brukte. Ein global politikk med matsverenitet for alle land trengst. Vegkartet legg vekt på å betre vilkåra for dei små i landbruket, men burde etter mitt skjøn ha avgrensa seg tydelegare mot miljøskadeleg stordrift med høgt energiforbruk, rovdrift på dyr, mykje kjemikal og få plante- og dyreslag. Planen går også lite inn på beiteressursar og karbonbinding i jord. Og den går lite inn på dei dramatiske naturendrindiane som kan kome.

(framhald neste side)



## MILESTOLPAR

Arbeidsfelt	År	Tema
<b>1. HUSDYR</b>	2030	Metanutslepp frå husdyr redusert til 25 % av 2020-omfanget.
	2050	Samla produktivitet for husdyr auka med 1,7 % i året.
<b>2. FISK OG FISKEOPPDRETT</b>	2030	Alt fiske under effektiv styring og all illegal, ikkje-rapportert og uregulert fiske fasa ut.
	2040	75 % vekst i global, berekraftig akvakultur.
<b>3. PLANTEPRODUKSJON</b>	2050	Samla produktivitetsvekst i plantesektoren 1,5 % årleg
	2050	Produktivitetsvekst på 2,3 % i låginntektsland
<b>4. HELSESAM KOST FOR ALLE</b>	2050	Alle land innfører/oppdaterer retningslinjer for godt kosthald
	2050	Alle land har lover som regulerer marknadsføring av mat til barn
<b>5. SKOGAR OG VÅTMARKER</b>	2025	Netto avskoging tek slutt globalt
	2035	Aktivt arbeid for gjenskoging
<b>6. VEKSTJORD OG VATN</b>	2030	Lett tilgang til trygt og billig drikkevatn for alle
	2040	10 nye gigatonn CO2 lagra i vekstjord og engmarker mellom 2030 og 2050.
<b>7. MATTAP OG SLØSING</b>	2030	Redusere mattapet fram til og med butikk med 50 %
	2050	Alt mattap i ein sirkular bioøkonomi og brukt til føde, jordbetring eller produksjon av bioenergi
<b>8. REIN ENERGI</b>	2030	Ingen bruker tradisjonell biomasse til matlaging.
	2050	CO2-fangst frå bioenergi når 1263 Mt CO2 per år.
<b>9. INKLUDERANDE POLITIKK</b>	2030	Alle land har innført vernetak og mål for alle innbyggjarar på ein slik måte at alle grupper som er sårbar for klimarelaterte eller andre endringar, blir sikra.
	2040	Produktivitetsskilnader mellom mannlege og kvinnelege bønder med like store gardar halvert jamført med 2020.
<b>10. DATA</b>	2030	Alle gardbrukarar har tilgang til globalt kjenkennande løysingar for å styre klima-utslepp
	2030	Samla produktivitet for planter og husdyr korrigert for innsatsfaktorar som ikkje er marknadsrelaterte og for utslepp blir registrert i alle land.

store vulkanutbrot, tsunamiar og sjukdommar på dyr og planter, og som verda også må førebu seg på.

Men vegkartet er det første av dette slaget. Neste variant vil truleg bli betre. Men det store framsteget er at verda har fått eit landbruksdokument som legg hovudvekta på mattilgang for alle og innanfor naturens tåleevne framfor på profitt for dei store. Det kan brukast som eit arbeidsverktøy i alle land, såleis også som eit grunnlagsdokument i komande jordbruksoppgjer i vårt land.

Det viktigaste er at FAO sannsynleggjer at med eit globalt krafttak er måla om å utrydde svolt og samtidig bremse oppvarminga mogelege å nå.

Olav Randen

## Mat og krig – landbruket i Palestina

Mat har bestandig vært brukt som våpen i konflikt- og krigstider, liksom skytevåpen, artilleri og drivstoff. Et faktum som åpenbarer seg for tiden på en brutal måte i Gaza. Ikke bare tilgangen, også selve matproduksjonen er sterkt innskrenket og under stort press i krigs- og konflikttider.

Det er småskala familielandbruk som er typisk for de okkuperte palestinske områder. På Vestbredden er 50% av gårdene mindre enn 10 daa og på Gazastripen er 90% av gårdene mindre enn 2 daa. Mer enn halvparten av produksjonen går til selvforsyning av det palestinske folket, 23% er overskudd som blir eksportert og bare 20% er utelukkende produsert for eksport. Eksporten fra Vestbredden er innskrenket pga. israelske handelsrestriksjoner, mens eksport fra Gazastripen har helt stoppet opp siden blokaden tok til i 2007.

Vann er den viktigste naturlige begrensende faktoren for livet i Palestina. 70% brukes i landbruket. Vannet tilføres gjennom nedbør eller vanningsanlegg, noe som er svært kostbart og ofte blir ødelagt i krigstider. Produksjonen på Vestbredden og Gazastripen sammenliknet med det lokale forbruket ser ut som følger:

174% egg, 155% grønnsaker, 98% sau- og geitkjøtt, 98% olivenolje, 98% kylling, 74% frukt, 46% hvete og 21% melk.

Disse tallene viser dessverre en selv-forsyningsgrad som ikke gjelder i realiteten. Israel kontrollerer rundt 70% av vanntilgangen, og frø, kunstgjødsel, kraftfør og silo må importeres fra Israel. Dermed kontrollerer Israel det palestinske landbruket i stor grad. Samtidig blir store landbruksområder okkupert av sionistiske settlere, småbrukere blir skutt og drept og oliventrær og andre vekster blir ødelagt med bulldosere og pestisider.

Hvordan er situasjonen i dag, etter over 70 dager med intens bombing og

(fortsettelse neste side)

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG  
**Leiar Margit Fausko,**  
 e-post [margit@fausko.no](mailto:margit@fausko.no)  
**Jens Erik Furulund,**  
 e-post [jenserik.furulund@gmail.com](mailto:jenserik.furulund@gmail.com)  
**René Cortis,**  
 e-post [rene.cortis@gmail.com](mailto:rene.cortis@gmail.com),  
**Audun Emil Tvedten,**  
 e-post [audun.e.tvedten@gmail.com](mailto:audun.e.tvedten@gmail.com)  
**Olav Randen,**  
 e-post [boksmia@online.no](mailto:boksmia@online.no)

# Ei forteljing om ei svart og kvit nord-svensk fjällko, solidaritet og vennskap

Hausten 1944 måtte befolkninga i Finnmark og Nord-Troms anten evakuere eller gøyme seg for tyske okkupantar., og dei brende alt av hus, jamvel mjølkeramper og telefonstolpar. Då folk vende attende, fekk fleire av dei ei ku i gave frå nordsvenske eller sørnorske yrkeskollegaer.

I det svenska tidsskriftet *Land* nyleg skrev bonde Arne Lindström frå Röbäck, Umeå i Västerbotten om denne bondesolidariteten over landegrenser. Eg spurde Lindström om løye til å bruke forteljinga og fekk svaret «Va trevligt.»:

**Under kriget låg vår far vid gränsen och såg hur grannarna fick sina ladugårdar nedbrända. Efter kriget valdes han in i slakteriföreningens styrelse, och föreslog då en hjälpinsats för våra krigsdrabbade kollegor. Det gällde att föregå med gott exempel, så inom kort var en ko från våra föräldrar på väg till Norge.**

Efter en lång resa på järnväg och båt hamnade kon hos familjen Jensen på den lilla ön Skjervøy norr om Tromsö. De hade fått sin ladugård nedbränd, och försökte nu göra en nystart med en ko från Sverige. 8 augusti 1946 kom ett tackbrev med foto från Jensens där fru Eufrosyne poserar vid en svartvit fjällko med texten: "Hil-sen til dere alle fra Storblom."

Sedan följde regelbunden brevväxling mellan familjerna. Vår mor skickade paket med mat och annat som saknades, och vi fick små minnessaker prydda med norska flaggor. Detta skedde innan jag var född, så några år gammal då jag såg alla dessa norska flaggor frågade jag vår mor om vi hade släktingar i Norge? "Nejdå", fick jag till svar, "men vi har gett bort en ko." Breven berättade också om familjen Jensens barn, hur de bildade egna familjer och tog sig fram i livet. Både jag och en syster trivdes i våra lusekoftor som fru Jensen strickat, och det var alltid lite extra spänande då breven från Skjervøy kom.

1968 reste våra föräldrar för att hälsa på Jensens, så i Narvik klev de ombord på Hurtigruten för den sista delen av resan. Jag minns mest vår mors förundran över att det över huvud taget gick att föda några kor på den stenfyllda ön, och det känslofyllda mötet med två så tacksamma människor. Inte långt därefter började leden tunnas ut, först på den norska sidan. Herr Jensen dog, och så småningom nåddes vi av beskedet att även fru Jensen hade avlidit. Far dog, och med endast vår mor kvar kändes hela den här historien tillhöra det förflutna.

Jag och vår mor höll runt 1990 på att avsluta frukosten då en norsk turistbuss svängde in på gården. Jag gick ut för att ta emot besökarna då chauffören klev ut, tog av sig skärmmössan och presenterade sig som sonen till familjen Jensen på Skjervøy: "Jag ville bara få se varifrån den märkliga kon kom." Med tårflyllda ögon gick jag in till mor och berättade, och snabbt dukades det för 40-talet norska pensionärer. De hade förstås fått höra hela historien, så vår mor behandlades som en drottning när herrarna tog i handen och bugade, och de gamla gråndade damerna neg så djupt knäna tillät. Det var troligen en av vår mors allra största stunder i livet.

Av historien om Storblom kan vi förstå hur mycket en ko kan betyda, och hur givande en gåva kan vara – för både givare och mottagare.

Såhär i juletid tänker jag extra mycket på dagens krigsoffer.

Arne Lindström, lantbrukare i Röbäck

over 18.000 drepte palestinere? Selv disse tallene gjør det nærmest umulig å forestille seg den enorme lidelsen ødeleggelsen på Gazastripen.

“Bare” gjennom operasjonen “Cast Lead” i 2009 ble 17 % av jordbruksarealet på Gazastripen ødelagt og 29 % ble beslaglagt gjennom oppføring av buffersonen rundt Gazastripen. Det førte til at over 50% av jordbruksfamiliene mistet sitt livsgrunnlag. Cast Lead varte i 3 uker og en dag og førte til rundt 1400 drepte i Gaza.

Oliventrærne er viktige i det palestinske samfunnet. Høsting av oliven er en nasjonal begivenhet, som viser det tette båndet mellom befolkningen og landet. Bare på Gazastripen vokser oliventrær på 44.000 daa, som i gode år ville produsere 35.000 tonn oliven, som gir rundt 7.000 tonn olivenolje. Dette er cirka en tredjedel av den totale palestinske produksjonen.

Innhøsting, som skjer i oktober og november, hadde såvidt begynt da krigen brøt ut 7. oktober 2023. Deretter måtte de fleste småbrukerne i Gaza flykte fra sine små gårder i håp om å unngå det israelske artilleriet og bomberegnet

Det er ikke bare byene på Gazastripen som nærmest utslettes av israelske bomber. Også landbruksområdene utsettes for intens beskytning fra tanks. Matsituasjonen i Gaza har allerede ført til en forsterket humanitær krise på grunn av den totale israelske blokaden. I tillegg er det nærmest umulig for småbrukerne å høste eller stelle grønnsakene sine uten å risikere livet.

Selv når krigen tar slutt en gang, så er store områder med ødelagt landbruksjord og brente oliventrær igjen. Småbrukere som har overlevd, må bygge opp sine små gårder med bare hender – igjen og igjen og igjen.

René Cortis